

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 11.11.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Tone Undertun/ Anne Kristin Kleiven  
**SAKA GJELD:** **Status program Pasientens helseteneste –  
teneste- og organisasjonsutvikling**

**ARKIVSAK:** 2013/3778  
**STYRESAK:** **092/2019**

**STYREMØTE:** **22.11.2019**

.....

**Tidlegare styresaker:** handsaming i styret: Oversikt styresaker i perioden 2016 – d.d. som har omhandla  
Pasientens helseteneste: 006/2016, 040/2016, 067/2016, 012/2017, 059/2017, 088/2017, 097/2017,  
056/2018, 094/2018, 015/2019, 060/2019

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek orientering om arbeidet kring teneste- og organisasjonsutvikling i program  
Pasientens helseteneste til vitende.

## Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram halvårsrapport for Helse Førde sitt lokale utviklingsprogram Pasientens helseteneste, sjå vedlagde rapport.

Programmet Pasientens helseteneste er forankra i og skal realisere utviklingsplanen til Helse Førde. I hovudmålet går det fram at programmet skal arbeide for tenester som er samordna, tilpassa behovet og gjev pasienten så stor medverknad som råd.

Administrerende direktør er programeigar. Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven er programleiar.

Programmet vart etablert i 2016, og har hatt ei rekke aktivitetar og prosjekt under sin paraply fram til no. Programmet prioriterer no førebuing og planlegging av strategiske endringar som skal realiserast ved arealprosjektet Nye Førde sjukehus. Dette inneber å planlegge framtidige driftsmodellar fagleg og organisatorisk. Sjølv om Nye Førde sjukehus gjeld Førde, vil byggeprosjektet også verke inn på handlingsrom og moglegheiter i andre delar av organisasjonen. Aktivitetane i Pasientens helseteneste må framover helst vere i framkant av og spegle byggeprosjektet.

Vedlagde rapport syner aktivitetane, organiseringa og arbeidsmåten i programmet.

I forhold til planlegging av Nye Førde sjukehus, har det tidlegare vorte arbeidd med førebuing i prosjekt:

- Framtidige døgntenester
- Poliklinikkane i Nye Førde sjukehus
- Framtidig akuttmottak
- Radiologi og laboratorium
- Psykisk helsevern
- Stab og støtte

Vi kartla og analyserte nosituasjon og behov med følgjande inndeling: Det vart landa nokre overordna prinsipp for framtidig drift, til dømes einerom, samling av poliklinikkane og utnytting av areal ved generelle og felles poliklinikkrom. Aktivitetane har endra seg over tid for å ivareta nye behov i føretaket, nye føringar og planar. På fleire område har planlegginga gått over i nye fasar og vorte meir konkret.

Nye Førde sjukehus vart teken ut av programmet Pasientens helseteneste i 2017, men det er framleis samordning mellom aktivitetane. Programmet er innretta på å førebu framtidig drift i Nye Førde sjukehus ved å kvalitetssikre arealbehov og -planar i forprosjektet.

## Fakta

Styret i Helse Førde har jamleg fått rapportering om aktivitetane i programmet. Siste rapportering vert framlagt i same styremøte som denne saka, 22.11.19.

<b>Aktivitetar 2019</b>
- Modell for stadleg leing ved lokalsjukehusa. Ferdig, implementert.
- Lærdal sjukehus – utviklingsprosjekt fase 2. Ferdig, under implementering.
- Psykisk helsevern for barn og unge – kvalitetssikring av arealbehov og -planar Nye Førde sjukehus. Under arbeid.
- Legemiddelhandtering i Nye Førde sjukehus. Ferdig, skal gjerast vedtak i porteføljestyret.
- Rekrutteringsstrategi (inkludert legerekuttering som eige prosjekt). Under arbeid.
- Fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering. Konseptvurdering framtidig organisering er ferdig. Etablert forprosjekt for detaljering av modell 1. Under arbeid.
- Framtidig akuttmottak i Nye Førde sjukehus. Konsept revurdering. Under arbeid.
- Framtidig drift i Livabyget. Kvalitetssikring av arealbehov og -planar Nye Førde sjukehus er i slutfasen. Skal arbeide vidare med framtidig driftsmodell.
○ Operasjon, dagkirurgi, oppvaking og anestesi
○ Intensiv og overvaking.
○ Sterilsentral
○ Kvinne og barn
- Kontor og undervisning: Kvalitetssikring av arealbehov og -planar Nye Førde sjukehus er i slutfasen. Skal arbeide vidare med framtidig konsept.
- Plan 0 – støttetjenester og forsyningslinjer: Kvalitetssikring av arealbehov og -planar Nye Førde sjukehus er ferdig. Skal arbeide vidare med framtidig driftsmodell.
- Rekrutteringsstrategi. Under arbeid.

I tabell vedlagt styrerapporten er det eit meir detaljert oversyn over aktivitetane.

### **Planlagde aktiviteter 2020:**

Attståande område som det må startast utviklingsprosjekt på i 2020 er:

- Døgntjenester – sengepostar, pasient- og sjukehotell i somatikken
- Poliklinikkane i Nye Førde sjukehus – tverrfagleg samarbeid
- Radiologi og laboratorium
- Driftsområde (plan 0) og kontor/undervisning i Nye Førde sjukehus

Uavhengig av korleis faga vert plasserte i nytt bygg, inneber til dømes nye døgnposter med einerom og sengetun ein stor overgang samanlikna med dagens bygningsmessige planløyising

og arbeidsmåte. Det må planleggast for å greie ut framtidig behov for døgntenester, mogleg modell for drift og organisering av døgntilbod i Nye Førde sjukehus.

Det er naturleg å sjå dette arbeidet i samanheng med heilskapen og tilrådingar gitt frå andre prosjekt som har foreslått endringar i oppgåvedeling med døgnposter eller som greier ut organisering av delar av døgntenestene:

- Akuttmottak, tilråding om etablering av observasjonspost
- Samling/organisering av tenestene i fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering

For nærare omtale av prosjekt i programmet vert det vist til styresak 092/2019, 22.11.2019; Status program pasientens helseteneste – teneste- og organisasjonsutvikling som også inneheld omtale av prosjekta.

## Kommentar

Pasientens helseteneste skal i hovudsak initiere og leie større og tverrgåande utviklingsoppgåver som ikkje blir løyste av andre prosessar. Mange andre prosessar bidreg til ønska utviklingsarbeid i føretaket. Dette skjer i linja gjennom regionale prosjekt og mindre omfattande, samt andre tverrgåande løp som er initiert regionalt eller lokalt. Det er etablert samarbeid og gjennomgåande representasjon i styringsgrupper i regionale og lokale program, og dei same arbeidsgruppene arbeider i Pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus.

Rapportering skjer i to linjer:

- Arealtilrådingar til Nye Førde sjukehus
- Teneste- og organisasjonsutvikling til Pasientens helseteneste

Eksempel på arbeidsmetodikk som vert nytta:

- Workshops, forbetningsprosessar, forløps- og scenariotenking
- Kartlegging via questback, intervju, diskusjonar i møte
- Tett kobling mellom arbeids-/prosjektgrupper og leiarforum i klinikkane og på tvers
- Hospitering, hente innspel frå andre, erfaringslæring

Utviklingsarbeidet skal ta utgangspunkt i tidlegare tenesteutviklingsprosjekt og dei tankar som låg til grunn for desse:



- Kva er kjernen i tilrådingane frå tidlegare?
- Kor langt kom ein i å planlegge og skildre framtida?
- Stemmer vurderingar/tilrådingar med dagens situasjon?
- Er det manglar – ting som ikkje har vore utgreidd?
- Kva avhengigheiter eksisterer?

- Kva moglegheiter ser ein i bruk av ny teknologi og nye system/verktøy?

Prosjekta har mandat og rapporterer til styringsgruppa. Tilrådingar skal omtale endringar som endring av tenester, arbeidsmåtar, driftsmodellar, kompetansebehov, areal- og utstysrbehov, og ha kost-/nyttevurdering. Tilrådingar vert oversende administrerande direktør for vidare handsaming.

## Vurdering

Aktivitetane i programmet er ikkje alltid handfaste og konkrete, og vil gjerne innebere at ein går inn i vanskelege vurderingar om framtidige driftsmodellar og fagleg utvikling. Ein har heller ikkje kontroll på alle faktorar (nye føringar kan komme, pasientstraumar kan endre seg, medisinsk utvikling som kan påverke rammene våre). Endring av tenester og organisering rører ved kulturelle aspekt, faglege ulikskapar og semje/usemje om prioriteringar. På mange område er det ikkje på førehand lagt heilt klare rammer for kvar foretaket skal og må gjere avklaringar undervegs.

Omstilling med stor kompleksitet tek tid, og ein må involvere mange og breitt for å oppnå eigarskap i organisasjonen. Det er meir handfast å innføre nye IKT-verktøy og planlegge bygg enn å ta fatt på teneste- og organisasjonskonsept. Det er også enklare å få merksemd på det konkrete og å kommunisere det ut.

Det vert arbeid med ulike tilnærmingar, forbettringsmetodikk som involverer «grasrota» og er ubyråkratiske og kan gje raske forbetringar. Men og utgreiingar om strategiske og store vegval, med prosjektdirektiv med krav og føringar for å oppnå noko som er bestemt .



Det er positivt at organisasjonen får stadig meir erfaring i tenesteutvikling, og ser verdien av å vurdere verdien av å utvikle gode pasientforløp på tvers av organisatoriske einingar. Organisasjonen har mognast i høve til å utgreie endringar på tvers av einingar, men det er framleis krevjande å einast om dei konkrete endringane og gjennomføring av desse.

Å komme på etterslep med gjennomføring av faktisk endring, er framleis ein betydeleg risiko.

## Konklusjon

Pasientens helseteneste har arbeid med mange ulike utviklingsprosessar sidan etablering i 2016. Planlegging av Nye Førde sjukehus har høg prioritert. Det er mange aktivitetar og

forventa høg endringstakt i alle delar av føretaket. Dette som følgje av fleire store regionale prosjekt og program som gjennomfører både piloteringer og utviklingsløp, samstundes som det pågår innføring av nye system og arbeidsprosessar. Dei regionale programma, som Alle møter og Heliks, gir støtte til utviklingsarbeidet, og vert samordna med programmet sine lokale aktivitetar for å sikre mest mogleg effektivt arbeid.

Vedlegg:

1. Rapport program Pasientens helseteneste
2. Program Pasientens helseteneste - aktivitetar